

An aerial photograph of a dam with a wooden walkway. The dam is a curved concrete structure with a wooden walkway on top. In the background, there are large, rugged mountains covered in snow under a clear blue sky. The foreground shows the dam's structure and a snowy area.

Aurland Ressursutvikling AS
Tertialrapport 1. januar – 30. april 2017

Konsernet Aurland Ressursutvikling – resultat 1. tertial 2017



I første tertial 2017 hadde konsernet ein omsetnad på MNOK 13,4 og resultat før skatt på MNOK -23,2, der del av resultat frå Flåm Utvikling AS er medrekna med MNOK -1,5 og der del av resultat frå The Fjords DA er medrekna med MNOK -2,1. Sett opp mot første tertial 2016 viser rekneskaperen auka omsetnad med MNOK 2,5 og redusert resultat før skatt med MNOK -3,8.

Veksten i konsernet si omsetnad skriv seg frå auke i tal reisande/besøkjande i Flåm, noko som er eit resultat av dei seinare års satsing på vinteraktivitet for både Fretheim Hotel, Flåmsbana og The Fjords.

Reduksjon i EBITDA og resultat før skatt kjem som følgje av auka kapasitet og kompetanse i Flåm AS som er gjort for å kunne auke aktiviteten i selskapa, heilårsdrift og auke i variable driftskostnader og lønnskostnader som følgje av auka aktivitet i driftsavdelingane.

I første tertial 2017 ekspederte Flåm AS sal av reiser, aktivitetar, overnatting, opplevingar og suvenirar for totalt MNOK 19,1 gjennom sitt marknads- og distribusjonsapparat. Dette er ein vekst på MNOK 5,1 frå same periode i fjor. Auka innsats i marknadsføring, sal og effektiv distribusjon gir vekst i gjestetala i Flåm og gir positiv effekt på inntektene i Flåm AS og dei felleskontrollerte verksemdene The Fjords DA og Flåm Utvikling AS.

Nøkkelinformasjon



Leveranse nøkkeltal	1. tertial 2017	1. tertial 2016	2016
Flåmsbana			
- tal reisande	55 396	56 418	926 532
The Fjords			
- tal reisande	38 253	30 418	480 217
Fretheim Hotel			
- tal romdøgn	2 448	2 330	20 275
- beleggprosent	16,7 %	15,8 %	45,4 %
Flåmsbanemuseet			
- tal besøkande	13 865	15 362	214 635
Flåm Hamn			
- tal cruiseanløp	4	10	161
- tal cruisegjester	4 160	15 016	255 587
Finansielle nøkkeltal (millionar)	1. tertial 2017	1. tertial 2016	2016
Konsernresultat			
- driftsinntekter	17,1	14,5	135,9
- Inntekt fra felleskontrollert verksemd	-3,7	-4,1	34,5
- EBITDA	-17,9	-14,1	56,1
- EBT	-23,2	-19,4	41,9
Konsernbalanse			
- totalkapital	316,9	278,5	321,4
- netto renteberande gjeld ¹⁾	-63,8	-61,2	-48,9
- Netto arbeidskapital ²⁾	-12,0	-14,5	1,0
Eigenkapital i konsern			
- eigenkapitalandel	57,9 %	57,7 %	63,0 %

1) Netto renteberande gjeld = langsiktig gjeld – bankinnskot

2) Netto arbeidskapital = driftsrelaterte omløpsmidlar – driftsrelatert kortsiktig gjeld

3) ROE = Resultat før skatt siste 12 mnd / eigenkapital ved inngang til perioden. (rullerande 12 mnd.)

Flåm AS



Flåm AS kan vise til ein vekst i omsetnaden på MNOK 2,8 frå første tertial 2016. Alle driftseiningane viser vekst i omsetning samanlikna mot same periode i fjor, noko som viser at dei siste års fokus på vinteraktivitet gir uttelling. Resultatet går noko ned som følgje av auka driftsrelaterte kostnader og styrka bemanning for å handtera vidare vekst i selskapet. Ein held også oppe fokuset på marknadsføring av vintermånadane, for å generere sal for neste vintersesong.



Fretheim Hotel medrekna restaurant og serveringsstadane har god utvikling i 2017. Det er auke i både selde rom, gjennomsnittspris på rom og sal på serveringsstadane. Ein del av veksten kjem og frå auke i sal av møte og opplevingar på hotellet. Flåm Bakeri er heilårsope med både servering i lokala og for dei som vil ta med.

Flåm AS har i første tertial 2017 ein vekst på 36% totalt sett i forhold til same periode i fjor, som igjen bidrar til ei auke i på 2MNOK i direkte omsetning for Flåm AS.

Flåmsbanemuseet har i første tertial besøkstal på nivå med fjoråret. Nedgang i cruisetrafikken frå same periode i fjor gjer at det samla sett ikkje vert vekst i besøkstalet for første tertial. Likevel viser forretningsområdet auka omsetnad for perioden sett mot fjoråret.

Det pågåande omstillingsarbeidet på Aurland Skofabrikk startar å vise effekt gjennom auke i omsetnaden. Det blir jobba med sal mot nye salskanalar og forbetring av produksjonslinja for auka innteninga på dette forretningsområdet.

The Fjords DA



The Fjords DA har i første tertial ein omsetnad på MNOK 12,4 og EBITDA på MNOK -4. Dette er ein vekst i omsetninga på 55% sett mot same periode i fjor.

Veksten kjem som følgje av auke i tal reisande og auka gjennomsnittspris, eit resultat av satsing på vintersesongen frå marknadsapparatet til Flåm AS. Selskapet har negativt resultat som følgje av sesongavhengig aktivitet kombinert med faste kostnader, produktutvikling og førebuing til hovudsesongen.


Vision of The Fjords har i januar og februar vore inne til reklamasjon, planlagt service og vedlikehald, og var tilbake i drift i mars.

For første tertial var det kun aktivitet på Nærøyfjorden. Aktiviteten på Geirangerfjorden og Lysefjorden startar henholdsvis 1. mai og 9. juni.

Selskapet har signert kontrakt på bygging av eit heilelektrisk fartøy som skal vere klar for aktivitet frå 1. mai 2018. Designuttrykket på dette fartøyet er i stor grad likt det prisvinnande fartøyet Vision of The Fjords og skal byggjast av Brødrene Aa AS.




Flåm Utvikling AS




Flåmsbana har i første tertial ein omsetnad på MNOK 6 og EBITDA på MNOK -4,4. Dette er ein vekst i omsetnad på 9% sett mot same periode i fjor. Veksten kjem i hovudsak som følgje av auka gjennomsnittspris.

Tal reiser med Flåmsbana har gått marginalt ned i første tertial sett mot same periode i fjor. Det første cruiseanløpet var i april i 2017 medan første anløp var i mars i 2016. I tillegg er har det vore færre cruiseanløp i perioden i år sett mot 2016. Dette gjer at veksten i januar og februar ikkje resulterer i vekst totalt sett for tertialet.

Arbeidet med innkjøp av nye vogner går som planlagt.



Myrkdalen Fjellandsby



Konsernet Myrkdalen Fjellandsby har i første tertial ein omsetnad på MNOK 92 og resultat før skatt på MNOK 16,5. Dette er ei auke på MNOK 10 i omsetnad og MNOK 8,5 i resultat før skatt sett mot same periode i fjor. Auken skuldast i hovudsak overlevering av dei 8 siste leilegheitene i Torggarden.

Skisesongen 2017/2016 vart på nivå med førre sesong både med tanke på tal besøkjande, omsetning og resultat. Dårlig vær i desember 2016 gjorde at veksten tidlegare på sesongen ikkje medførte vekst totalt sett.

Myrkdalen Hotell har i første tertial ein omsetnad på MNOK 38, ei auke på MNOK 4 sett mot same periode i fjor. Myrkdalen Fjellheiser har i første tertial ein omsetnad på MNOK 19, ei auke på MNOK 3,5 sett mot same periode i fjor. Begge aktivitetane viser også vekst i resultat før skatt. Veksten kjem som følgje av auke i tal besøkjande.



Konsernregnskap for perioden 1.1 - 30.4 2017

Resultatrekneskap	Rekneskap 1. tertial 2017	Rekneskap 1. tertial 2016	Rekneskap 31.12 2016
Salsinntekt	17 071 249	14 539 000	135 936 379
Inntekt frå felleskontrollert verksemd	(3 687 500)	(4 091 813)	34 521 024
Sum driftsinntekter	13 383 749	10 447 187	170 457 403
Varekostnad	1 881 689	1 273 000	17 889 331
Lønnskostnad	14 801 383	11 087 664	47 273 591
Avskrivning	4 450 884	4 082 156	13 177 935
Annan driftskostnad	14 561 605	12 227 107	49 226 766
Sum driftskostnader	35 695 561	28 669 927	127 567 623
Driftsresultat	(22 311 812)	(18 222 740)	42 889 780
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på andre investeringer	-	-	-
Annan finansinntekt	8 219	-	1 960 850
Annan finanskostnad	933 304	1 170 000	2 917 964
Netto finansposter	(925 085)	(1 170 000)	(957 115)
Ordinært resultat før skattekostnad	(23 236 897)	(19 392 740)	41 932 666


Konsernregnskap per 30.4 2017

Balanse

EIGEDELAR	Rekneskap 30.04.2017	Rekneskap 30.04.2016	Rekneskap 31.12.2016
Utsett skattefordel	392 942	925 359	380 314
Sum immaterielle egedelar	392 942	925 359	380 314
Tomter, bygninger, oa fast egedom	152 241 565	147 445 626	148 860 987
Skip	3 308 746	4 122 105	3 465 919
Driftstilbehør, inventar o.l	24 928 171	21 986 225	24 568 319
Maskiner og anlegg			
Sum varige driftsmidler	180 478 482	173 553 956	176 895 225
Investeringer i datterselskap	-	-	-
Investering i felleskontrollert verksemd	66 421 038	34 014 647	60 590 038
Investering i aksjar og andelar	32 775 970	32 775 970	32 775 970
Sum finansielle anleggsmidler	99 197 008	66 790 617	93 366 008
Sum anleggsmidler	280 068 432	241 269 932	270 641 547
Varer	7 164 364	5 790 232	5 717 686
Kundefordringar	14 140 382	6 917 105	6 622 893
Andre fordringar	6 549 917	2 722 085	10 873 393
Bankinnskot og kontantar	9 023 566	21 794 623	27 538 258
Sum omløpsmidlar	36 878 229	37 224 045	50 752 230
Sum egedelar	316 946 661	278 493 977	321 393 777

Eigenkapital og gjeld	Rekneskap 30.04.2017	Rekneskap 30.04.2016	Rekneskap 31.12.2016
Aksjekapital	49 150 000	49 150 000	49 150 000
Annan eigenkapital	134 427 420	111 534 738	153 271 890
Sum eigenkapital	183 577 421	160 684 738	202 421 890
Minoritetsinteresser	5 595 740	4 976 577	5 227 671
Gjeld til kredittinstitusjonar	74 288 080	81 500 002	77 347 597
Sum annan langsiktig gjeld	74 288 080	81 500 002	77 347 597
Leverandørgjeld	21 579 448	14 412 197	10 041 048
Betalbar skatt	302 605	-	319 028
Skuldige offentlege avgifter	3 048 448	1 037 548	3 554 190
Annan kortsiktig gjeld	28 554 919	15 882 915	22 482 353
Sum kortsiktig gjeld	53 485 420	31 332 660	36 396 619
Sum gjeld	127 773 500	112 832 662	113 744 216
Sum eigenkapital og gjeld	316 946 661	278 493 977	321 393 777

Oppsummering første tertial 2017



Gjestestraumen har auka i denne perioden, mellom anna som eit resultat av salsarbeid for å auke trafikken i vinter- og skuldersesong. Fleire cruiseskip i mars og april 2016 sett mot same periode i 2017 gjer at auken i dei øvrige månadane i første tertial ikkje gir like stor auke for tertialet som heilheit. I tillegg til auke i tal reisande syner alle aktivitetane auke i gjennomsnittleg pris, noko som gir vekst i omsetnaden for dei enkelte selskap.

Med sterk vekst har vi styrka marknads- og salsapparatet i Flåm AS med ny marknadssjef, med oppstart i mars. Flåm AS har 62 heilårstilsette ved utgangen av første tertial, og saman med The Fjords DA og Flåm Utvikling AS er det 80 heilårstilsette i «Flåm-klynga».

The Fjords DA har i første tertial kontrahert eit nytt heilelektrisk fartøy for operasjon på Nærøyfjorden frå mai 2018. Med denne investeringa tek The Fjords DA eit nytt steg i det grønne skiftet.

Førehandssalet for The Fjords DA, Flåm Utvikling AS og Flåm AS er per 29. mai 2017 godt og viser ein auke frå tilsvarande tidspunkt i fjor på 30%. Det ligg an til vekst i både omsetnad og resultat sett mot 2016 for både konsernet, dotterselskapa og dei felleskontrollerte verksemdene.



VISION OF THE FJORDS
FLORØ

FLÅM